

Kontraktsvilkår mellom privatkunde og Sognekraft AS for kjøp og sal av straum

1. Generelt

a. Ved bestilling gir kunden Sognekraft fullmakt til å:

- setje i verk og melde inn leverandørskifte til nettselskapet og innhente nødvendige opplysningar frå nettselskapet for å gjennomføre leverandørskiftet.

- melde ut- og innflytting til nettselskapet. Sjølv om avtalen med nettselskapet vert inngått av Sognekraft i samsvar med fullmaktene over, blir kunden fullt ut part i kontraktsforholdet med nettselskapet.

b. Sognekraft må ha motteke målarstand for å kunne starte straumleveransen.

2. Personvern og bruk av informasjon

Sognekraft ser på personleg informasjon som namn, adr., e-post og telefon nr. som konfidensielt. I samsvar med dette vert all informasjon du som kunde opplyser, lagra på ein sikker stad, og vil berre bli nytta til å kunne tene deg som kunde betre. Eksempelvis ved å sende ut viktig informasjon som direkte gjeld eit anlegg eller abonnement, og elles generell kundeoppfølging. Som kunde kan du alltid be om ein kopi av dine personlege opplysningar og få dei korrigert eller fjerna frå vår database.

3. Leveringsvilkår

a. "Standard kraftleveringsavtale", framforhandla av Forbrukarombodet og bransjeorganisasjonen Energi Norge, gjeld for dette kontraktsforholdet, med mindre anna er spesifisert. Denne finn du på våre heimesider www.sognekraft.no.

b. Sognekraft har rett til å sjekke kredittvurdering av kundar og kunne avslå/avslutte leveranse eller krevje garanti der det føreligg sakleg grunn for dette.

c. Før flytting må kunden ta kontakt med Sognekraft for vidareføring av straumavtalen. Viss flytting vert meldt etter innflytting/overtaking av ny straummålar, kan netteigar krevje at kunden kjøper dyrare straum før straumleveransen frå Sognekraft kan starte opp att. Årsaka til dette er at nettselskapet pliktar å levere straum til kundar som står utan straumleverandør.

d. Prisar er oppgjevne inklusiv meirverdiavgift. Sognekraft tek atterhald om prisendringar som fylgje av endringar i dagens offentlege avgifter/pålegg, samt endringar i rammevilkår.

e. Sognekraft kan endre faste månadlege beløp og elles avtalevilkåra med 1 månads varsel, ved direkte varsel til kunde.

4. Plusskunde

Ein plusskunde er ein forbrukskunde som i enkelttimar har overskotskraft som kan matast inn i nettet. Sognekraft som kraftleverandør handterer både forbruk og produksjon og kan inngå plusskundeavtale for kjøp av overskotskraft.

5. Betalingsvilkår

I nettområde der Sognekraft fakturerer saman med nettselskapet:

a. Kundar i desse nettområda fakturerast i forhold til nettselskapet sine rutinar og tidspunkt for fakturering av nettleige.

b. Sognekraft fakturerer etterskotsvis månadleg basert på reelt eller stipulert forbruk.

c. Fakturagebyr på kr 49,- for å få faktura på papir, elektronisk tilsendt faktura er gratis.

I andre nettområde:

a. Netteigar leverer regelmessig reelle eller stipulerte måleverdiar via Elhub til Sognekraft. Kundar blir fakturert etterskotsvis 12 gonger i året.

Vilkår for våre straumprodukt:

6. Sognekraft Innkjøpspris/Fornybar

a. Prisen er basert på spotprisen i området der straumen vert levert, og er månadleg gjennomsnitt av spotprisane time for time + elsertifikatkostnader og avgifter.

b. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

c. Betaling via avtalegiro og e-faktura på e-post er ein føresetnad, kunden må sjølv opplyse e-postadressa.

7. Sognekraft Marknadspris

a. Prisen er basert på spotprisen i området der straumen vert levert, og er månadleg gjennomsnitt av spotprisane time for time + eit påslag pr kWh + elsertifikatkostnader og avgifter.

8. Sognekraft Standardpris

a. Sognekraft Standardpris er ein "standard variabel straumprisavtale".

b. Prisen kan bli endra med 2 vekers varsel og vert kunngjort på www.sognekraft.no. Prisvarsling vert også sendt på SMS, e-post eller brev.

c. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

9. Sognekraft Fastpris

a. Avtalen gjeld fast pris på straum inkl. avgifter i ein avtalt periode.

b. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

c. Avtalen inneber ei gjensidig forplikting og kan ikkje seiast opp i avtaleperioden. Ved særskilte høve kan kunden kjøpe seg fri ved å dekke Sognekraft sitt økonomiske tap som følgje av at leveransen ikkje blir fullført. Det direkte økonomiske tapet blir berekna etter alminnelege erstatningsrettslege prinsipp og er minimum kr 500,- (administrasjonsgebyr).

d. Ved utløp av avtalen vert kunden automatisk overført til Sognekraft Standardpris, sjå punkt 8, med mindre kunden har bestilt ein annan straumavtale hjå Sognekraft.